



INNKALLING TIL MØTE I HARDANGERRÅDET

Dato: Fredag 27.3.2026
Klokka 09.00 - 15.00

Stad: Heradstyresalen, Kvam herad.

09:00 - 10:00 Årsmøte Hardangerrådet sakshandsaming
10:00 - 12:00 Fellesmøte Hardangerrådet og Rådmannsforum sakshandsaming

12.00 - 13:00 Lunsj

13.00 - 15:00 Møte med Vestland fylkeskommune iht orientering om regionale planar
Saman med plansjefar i Hardangerkommunane
Ordførar, Rådmann og plansjef frå Samnanger

Regionrådet Saks nr.	Rådmannsforum Saks nr.	Saker til handsaming:
HR-sak 11/26	RF-sak 10/26	Innkalling og sakliste
HR-sak 12/26	- -	Godkjenning av møtebok frå Rådsmøte den 16.01.2026
HR-sak 13/26	RF-sak 11/26	Meldingar
HR-sak 14/26	RF-sak 12/26	Orienteringssaker (Kort gjennomgang)
HR-sak 15/26	RF-sak 13/26	Uttale frå Hardangerrådet vedr førarkort klasse T i Kvam herad
HR-sak 16/26	RF-sak 14/26	Høyring konsesjonskraftpris
HR-sak 17/26	RF-sak 15/26	Høyring Kommunekommisjonens delutredning 1
HR-sak 18/26	RF-sak 16/26	Høyring overnattingsavgiften
HR-sak 19/26	RF-sak 17/26	Besøksbidrag i Hardanger
HR-sak 20/26	RF-sak 18 /26	Saker som kjem til.

Forfall må meldast Hardangerrådet v/Trude Rinaldo tlf 48954550
Varamedlemmene møter etter særskild innkalling.

Kinsarvik
20.3.2026

Jens Olav Holven
Rådsordførar

Thore Hopperstad
Leiar Rådmannsforum

Ann Irene Myrheim
Dagleg leiar



MØTEBOK **Hardangerrådet**

Dato: **Fredag 16.1.2026**
Klokka: **09.00 - 15.00**
Stad: **Heradstyresalen i Ulvik**

Til stades:

Ulvik herad:	Ordfører Jens Olav Holven - rådsordfører
Ulvik herad:	Kommunedirektør Thore Hopperstad - leiar Rådmannsforum
Eidfjord kommune:	Ordfører Timo Knoch
Kvam herad:	Ordfører Torgeir Næss
Ullensvang kommune:	Ordfører Roald Aga Haug
Hardangerrådet iks:	Dagleg leiar Ann Irene Myrheim
	Konsulent Trude L. Rinaldo

Agenda:

09:00 - 11:30	Hardangerrådet sakshandsaming
11:30 - 12:15	Lunsj
12:15 - 15:00	Hardangerrådet sakshandsaming

Saker til handsaming:

HR-sak 1/26 Innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkallinga godkjent slik den ligg føre.

HR-sak 2/26 Godkjenning av møtebok frå Rådsmøte den 5.12.2025

Vedtak:

Møtebøkene godkjende slik dei ligg føre.

HR-sak 3/26 Meldingar

Meldingar innkome etter frist for utsending av styredokument:

- Medlemskap i Vest-Norges Brusselkontor

Vedtak:

Rådet tek meldingar om Vest i Øst og Vestlandsmøte 2026 til vitande.

Ved arrangement i Oslo vert det avtalt møter mellom våre ordførarar og departement iht konkrete saker.

Rådet ber administrasjonen undersøka om Hardangerrådet iks kan melda seg inn i Vest - Norges Brusselkontor på vegne av heile regionen.



HR-sak 4/26 Orienteringssaker

Orienteringssaker innkome etter frist for utsending av styredokument:

- Kraftturisme prosjektet
- Fiskeriturisme - Opprop mot ikraftreding 01.01.2026
- Arendalsuka 2026 - Invitasjon frå Fjordvegen Rv. 13

Vedtak:

- *Rådet tek orienteringane vedrørende Hardingtinger 2026 og Kraftturismeprojektet til vitande*
- *Administrasjonen set seg inn i opprop om fisketurisme, og lagar eit notat til rådet.*
- *Administrasjonen innhentar informasjon om deltaking på Arendalsveka 2026 gjennom pakkane på Vestlandsbåten i regi av Bergen Næringsråd. Til dømes kjøp av ½ pakke og moglegheiter for vidarealg til andre aktørar i Hardanger*

HR-sak 5/26 Nytt frå kommunane

Vedtak:

- *Informasjon vert teken til vitande.*
- *Hardangerrådet får oversendt brev frå Eidfjord kommune om uttale til behandlingstid for godkjenning av legar for felles tilslutning.*

HR-sak 6/26 Forankring og finansiering av felles prosjekt

Vedtak:

Hardangerrådet sluttar seg til at det vert etablert ei felles rutine for forankring, prioritering og handsaming av felles prosjekt og felles søknader i regionen.

1. *Felles prosjekt og søknader som omfattar fleire kommunar skal handsamast i Rådmannsforum og Hardangerrådet før individuell politisk handsaming.*
2. *Alle felles prosjekt skal ha avklart økonomi, bemanningsbehov og fordelingsnøkkel mellom kommunane før endeleg handsaming i dei einiskilde kommunane.*
3. *Hardangerrådet ber kommunane leggja nødvendige midlar og personalressursar inn i sine budsjett og økonomiplanar for å sikra gjennomføring av prioriterte felles prosjekt.*

Ber administrasjonen førebu ei sak om fordelingsnøkkel.



HR-sak 7/26 Interkommunalt samarbeid IKS / IPR

Vedtak:

Rådet ber administrasjonen koma med ei saksutgreiing iht fordelingsnøkkelen mellom IKS og IPR basert på organisasjonen sine oppgåver.

HR-sak 8/26 Kjøp og tenester frå andre kommunar

Vedtak:

Regionrådet ber Rådmannsforum identifisera område som eignar seg for interkommunalt samarbeid i Hardanger.

Me ber Rådmannsforum om ei vurdering av både moglege gevinstar, utfordringar og kva føresetnader som må vera på plass for å kunna realisera slike samarbeid.

Vidare ber me om ei samla oversikt over alle organisasjonar kommunane har medlemskap i, med sikte på å kartleggja kva medlemskap som i dag ikkje vert aktivt nytta eller følgt opp grunna manglande kapasitet, og om desse kan samordnast, prioriterast annleis eller eventuelt organiserast gjennom Hardangerrådet iks, som f.eks. Klimapartner.

HR-sak 9/26 Ikkje disponerte restmidlar

Vedtak:

Ikkje disponerte restmidlar for 2025 inkl renter, vert lagt til administrativ disponering Hardangerrådet iks etter fråtrekk for løyving på kr 25 000.- til Hardanger Open jfr vedtak i sak HR-46/25 den 5.desember 2025.

HR-sak 10/26 Saker som kjem

Ingen saker meldt

Møteboka godkjent 16.1.2026

Jens Olav Holven
Rådsordførar

Ann Irene Myrheim
Dagleg leiar/referent



Hardanger

Møtedato 27.3.2026

Saksansvarleg Ann Irene Myrheim

HR-sak 13/26 RF-sak 11/26

Meldingar

Saker:

- Fjordhelseprosjektet med Det kongelige Norske vel
- Kvinner og Kraft
- Kompetanseforum Hardanger og Voss
- FM UB 2026
- HVU Ungdomsting

Framlegg til vedtak:

Rådet tek meldingar til vitande



Hardanger

Møtedato 27.03.2026

Saksansvarleg Ann Irene Myrheim

HR-sak 14/26

RF-sak 12/26

Orienteringssaker

Saker til orientering:

1. Turistbåten på Hardangerfjorden
2. Innspel frå LVK til Hardangerkommunane iht Heimfallskraft
3. Fellesmøte med Sunnhordlandsrådet 10. april

Framlegg til vedtak:

Rådet tek orienteringane til vitande



Møtedato 27.3.2026

Saksansvarleg Ann Irenen Myrheim

HR-sak 15/26

RF-sak 13/26

**Uttale frå Hardangerrådet vedr
førarkort klasse T i Kvam herad**

Vedtak:

Framlegg til vedtak:

Hardangerrådet sluttar seg til uttalen sendt frå Hardanger og Voss ungdomsråd og sender likelydande uttale til Statens vegvesen:

Uttale – førarprøve i førarkort klasse T (traktor) i Kvam herad

Hardanger og Voss ungdomsråd ønskjer med denne uttalen å løfta fram behovet for at førarprøve i førarkort klasse T vert etablert som eit lokalt tilbod i Kvam herad. Hardanger er ein distrikts- og landbruksregion med store avstandar, spreidd busetnad og eit næringsliv som er avhengig av traktor som arbeidsreiskap. I dag må førarprøve kandidatar reisa ut av regionen for å gjennomføra prøva, noko som skaper unødige kostnader, fråvær og praktiske utfordringar som verkar avgrensande for mange.

Kvam herad er ein naturleg og fagleg godt eigna regional prøvestad. Heradet ligg sentralt i Hardanger og har eit variert og realistisk vegmiljø som gir gode rammer for vurdering av praktiske ferdigheiter. Det finst eigna areal for manøvrering og oppstilling, og Tuft Transportskole har allereie eit etablert opplæringstilbod i klasse T, noko som legg grunnlag for vidare utvikling av eit heilskapleg lokalt tilbod.

Statens vegvesen har eit viktig samfunnsoppdrag i å sikra likeverdige og tilgjengelege tenester i heile landet og å bidra til betre trafikktryggleik. Eit nært og tilgjengeleg prøvetilbod i Hardanger vil støtta nullvisjonen, då fleire ulykker med traktor og landbruksreiskap kan knytast til mangelfull kompetanse. Når opplæring og prøve vert meir tilgjengeleg, aukar sjansen for at fleire gjennomfører på ein trygg og forsvarleg måte. Samstundes reduserer ei lokal ordning reisebehov, kostnader og fråvær, og gir meir føreseielege rammer for både ungdom, familiar og næringsliv.

På denne bakgrunnen ber Hardanger og Voss ungdomsråd om at Statens vegvesen snarast vurderer og etablerer eit fast eller periodisk tilbod for førarprøve i klasse T i Kvam herad, og at det vert teke initiativ til dialog med Kvam herad, Tuft Transportskole og andre relevante aktørar for å avklara praktiske og faglege rammer for gjennomføring. Dette vil gi regionen eit tilbod som er både nødvendig, forsvarleg og i tråd med nasjonale mål om likeverd og tryggleik i trafikken.

Bakgrunn for saka:

Særutskrift frå Hardanger og Voss ungdomsråd (HVU) 3.3.2026

HU-sak 8/26 Saker som kjem til

- ***“Uttale – førarprøve i førarkort klasse T (traktor) i Kvam herad”***

HVU sluttar seg til framlagde forslag til uttale frå Kvam og sender den inn til Statens vegvesen frå Hardanger og Voss ungdomsråd. Uttalen skal også sendast til Hardangerrådet.

Saksopplysningar:

Utdrag frå brev sendt til SVV:

Hardanger er ein distrikts- og landbruksregion med store avstandar, spreidd busetnad og eit næringsliv som er avhengig av traktor som arbeidsreiskap. I dag må førarprøve kandidatar reisa ut av regionen for å gjennomføra prøva, noko som skaper unødige kostnader, fråvær og praktiske utfordringar som verkar avgrensande for mange.

Kvam herad er ein naturleg og fagleg godt eigna regional prøvestad. Heradet ligg sentralt i Hardanger og har eit variert og realistisk vegmiljø som gir gode rammer for vurdering av praktiske ferdigheiter. Det finst eigna areal for manøvrering og oppstilling, og Tuft Transportskole har allereie eit etablert opplæringstilbod i klasse T, noko som legg grunnlag for vidare utvikling av eit heilskapleg lokalt tilbod.

Statens vegvesen har eit viktig samfunnsoppdrag i å sikra likeverdige og tilgjengelege tenester i heile landet og å bidra til betre trafikktryggleik. Eit nært og tilgjengeleg prøvetilbod i Hardanger vil støtta nullvisjonen, då fleire ulykker med traktor og landbruksreiskap kan knytast til mangelfull kompetanse.

Økonomisk konsekvens:

Når opplæring og prøve vert meir tilgjengeleg, aukar sjansen for at fleire gjennomfører på ein trygg og forsvarleg måte. Samstundes reduserer ei lokal ordning reisebehov, kostnader og fråvær, og gir meir føreseielege rammer for både ungdom, familiar og næringsliv.



Møtedato 27.3.2026

Saksansvarleg Ann Irene Myrheim

HR-sak 16/26

RF-sak 14/26

Høyring konsesjonskraftpris

Vedtak:

Framlegg til vedtak:

Hardangerrådet sluttar seg til hovudlinene i høyringsuttalen frå Landssamanslutninga av vasskraftkommunar (LVK) om forslag til endringar i regelverket for fastsetjing av konsesjonskraftpris.

Hardangerrådet sender høyringsuttale til Energidepartementet på vegne av Hardangerkommunane, basert på høyringsuttalen frå LVK.

Hardangerrådet legg til grunn at:

- ordninga med konsesjonskraft er ein grunnleggjande rett for kraftkommunane, etablert gjennom konsesjonslovgevinga,
- endringar i prisregimet ikkje må svekkje dei økonomiske rettane kommunane har knytt til konsesjonskraft,
- berekningsgrunnlaget for konsesjonskraftpris må vere representativt og ikkje føre til urimeleg auke i konsesjonskraftprisen som følgje av store investeringar i effekt- og pumpekraft.

Hardangerrådet ber om at det i det vidare lovarbeidet blir lagt til grunn at konsesjonskraftordninga framleis skal sikre kraftkommunane stabile og føreseielege rammevilkår.

Bakgrunn for saka:

[Høyring - Endringer i vannfallrettighetsloven og vassdragsreguleringsloven \(felles konsesjonskraftpris\)](#)

Energidepartementet sender på høyring forslag til endringar i vannfallrettighetsloven og vassdragsreguleringsloven for å oppheve skillet i konsesjonskraftpris for konsesjoner gitt før og etter 10. april 1959.

Høringsfrist: 24.04.2026

Sakstilfang:

1: [Høyringsnotat felles konsesjonskraftpris](#)

Aktuelle lover, forskrifter avtale mm:

Lov om konsesjon for rettigheter til vannfall mv. (vannfallrettighetsloven)
av 14. desember 1917 nr. 16

Lov om regulering og kraftutbygging i vassdrag (vassdragsreguleringsloven)
av 14. desember 1917 nr. 17

Saksopplysningar:

Konsesjonskrafta er, ved sida av eigedomsskatten, kraftkommunane si viktigaste rett. Ordninga kom inn i lova i 1917, men prisen som kommunane må betale har som følgje av ei lovendring 10.04.1959 vorte fastsett etter to regelsett: Konsesjonskraft frå konsesjonar gitt før 10.04.1959 blir berekna individuelt for kvart kraftverk, medan prisen på konsesjonskraft gitt i konsesjonar etter 10.04.1959 blir berekna basert på eit gjennomsnitt av sjølvkostnaden for eit representativt utval kraftverk.

Energidepartementet har sendt på høyring eit lovforslag som inneber to endringar:

- Ei samanslåing av dei to prisregima.
- Endring i kva kraftverk som skal inngå i berekningsgrunnlaget.

LVK sender ut høyringsuttale til medlemskommunar og regionråd rundt 1. april. Alle medlemskommunar bør gje eigne høyringsuttaler til ED innan 24. april.

Kvar kommune har ei konkret økonomisk interesse i saka.

I høyringsuttalen bør kommunen opplyse om sine konsesjonskraftrettar:

- Mengd konsesjonskraft
- Frå kva kraftanlegg
- Med konsesjonskraftpris før eller etter 1959

Vurderingar:

Med dei store utbyggingane som er under planlegging, ville individuell berekna konsesjonskraft innebere at prisen på konsesjonskraft ville auke betydeleg, og medføre ein risiko for at kommunane kunne lide tap ved å ta ut konsesjonskraft.

Ei gjennomsnittsberekning vil dempa effekten av dei store utbyggingskostnadane som no kjem.

I dagens ordlyd heiter det at grunnlaget skal baserast på eit «representativt tal kraftverk». Det er planar om investeringar på meir enn 100 mrd. kroner i opprustings- og utvidingsprosjekt (OU). Mange av desse vil likevel først og fremst vere utbygging av effekt- og pumpekraft, som ikkje gjev nemneverdig meir energi, og dermed heller ikkje meir konsesjonskraft eller betre brukstid for kommunane. Kommunane risikerer i staden ein vesentleg høgare konsesjonskraftpris.



Møtedato 27.03.2026

Saksansvarleg Ann Irene Myrheim

HR-sak 17/26

RF-sak 15/26

Høyring Kommunekommisjonens delutredning 1

Vedtak:

Framlegg til vedtak:

Høyringsuttale frå Hardangerrådet IKS til NOU 2026:1

Hardangerrådet IKS stiller seg i hovudsak positiv til vurderingane og forslaga presentert i NOU 2026:1.

Rådet støttar særleg tilrådingane om å avvikla lærarnorma, oppheve dei formelle profesjonskrava i helse- og omsorgstenestelova § 3-2 og innlemme øyremerkte tilskot i rammetilskotet. Desse tiltaka kan bidra til å redusere statleg detaljstyring og styrke kommunane sitt handlingsrom i tråd med prinsippet om rammestyling.

Samtidig vil Hardangerrådet understreka at forslaga i første delutgreiing berre i avgrensa grad tek tak i dei meir grunnleggjande og strukturelle utfordringane i kommunesektoren. Demografiske endringar, aukande mangel på arbeidskraft og høge forventningar til offentlege tenester krev meir omfattande grep enn det som ligg føre.

Etter rådet si vurdering er det behov for ein breiare og meir forpliktande gjennomgang av statleg styring av kommunesektoren. Dette omfattar både omfanget av statlege krav og korleis styringa vert samordna på tvers av sektorar og forvaltningsnivå.

Hardangerrådet støttar kommisjonen si vurdering av behovet for eit meir samordna og prinsippfast institusjonelt rammeverk, i tråd med prinsippa i Kommunelova. Samstundes meiner rådet at det vidare arbeidet må konkretiserast i form av strukturelle reformar som reelt reduserar det samla styringstrykket på kommunane.

Rådet vil særleg peike på behovet for å vurdere finansiering og ansvarsdeling innan tenesteområde der enkeltvedtak kan gje svært store økonomiske utslag for den enkelte kommune. Dette gjeld mellom anna barnevern og tenester til ressurskrevjande brukarar.

Erfaring viser at einskildsaker innan desse områda kan vere så kostnadskrevjande at dei påverkar kommunen sitt totale handlingsrom og prioriteringar. Dette kan føre til uønskt variasjon i tenestetilbodet, der innbyggjarane får ulike tilbod avhengig av bustadkommune og lokal økonomi.

Hardangerrådet meiner det bør vurderast om slike tenester heilt eller delvis bør finansierast av staten. Ei slik tilnærming kan bidra til:

- meir likeverdige tenester uavhengig av kommune
- betre føreseielege økonomiske rammer for kommunane
- styrkt rettstryggleik for sårbare brukargrupper

Hardangerrådet vil vidare understreke at kommunane har ansvar for å levere forsvarlege og berekraftige tenester innanfor gitte økonomiske rammer. For å kunne ivareta dette ansvaret er det avgjerande at statleg styring vert betre samordna, forenkla og tydeleggjort.

Rådet oppmodar difor kommisjonen om å prioritere strukturelle endringar i det vidare arbeidet, slik at kommunane får eit reelt handlingsrom til å nytte ressursane der dei gir størst effekt for innbyggjarane.

Hardangerrådet ser fram til den vidare oppfølginga i kommisjonen si neste delutgreiing.

Bakgrunn for saka:

Kommunal- og distriktsdepartementet sender med dette NOU 2026: 1 En bærekraftig kommunesektor – Kommunekommisjonens første delutredning, på høyring med høyringsfrist: 16.04.2026

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing-av-nou-2026-1-en-barekraftig-kommunesektor/id3146343/>

Digitalt sakstilfang:

- 1: [NOU 2026.1 En bærekraftig kommunesektor, kommunekommisjonen første delutredning](#)
- 2: [Norsk Kommunedirektørforum Høringssvar til kommunekommisjonens delutredning 1 \(NOU 2026:1\)](#)

Saksopplysningar:

Kommunekommisjonen vart oppnemnd ved kongeleg resolusjon 9. mai 2025 for å vurdere korleis statleg styring av kommunesektoren kan utviklast slik at ressursane vert nytta betre og kommunane får større handlingsrom i oppgåveløysinga. Første delutgreiing ligg føre i NOU 2026:1.

Utgreiinga tek særleg opp bruk av bemanningsnormar, formelle kompetansekrav og øyremerka tilskot som verkemiddel i statleg styring av kommunane. Forslaga skal bidra til meir fleksibel ressursbruk og meir effektiv oppgåveløysing i kommunesektoren.

Vurderingar:

Hardangerrådet meiner problemstillingane i NOU 2026:1 er viktige for kommunane si evne til å levere gode og berekraftige velferdstenester. Utgreiinga peikar på fleire verkemiddel som påverkar kommunane sitt handlingsrom, mellom anna bemanningsnormer, formelle kompetansekrav og bruk av øyremerkete tilskot.

Rådet vurderer at forslaga om å avvikla lærarnorma, oppheva spesifikke profesjonskrav i helse- og omsorgstenestelova § 3-2 og innlemma øyremarka tilskot i rammetilskotet kan bidra til mindre statleg detaljstyring og større lokalt handlingsrom.

Samtidig meiner Hardangerrådet at tiltaka berre delvis adresserer dei meir grunnleggjande utfordringane kommunesektoren står overfor. Demografiske endringar, mangel på arbeidskraft og aukande forventningar til offentlege tenester gjer det nødvendig med ein breiare gjennomgang av statleg styring av kommunesektoren.

Rådet støttar derfor behovet for eit meir samordna og prinsippfast styringssystem i tråd med prinsippet om rammestyring, slik det er lagt til grunn i Kommuneleoven.

Konsekvensar:

Saka gjeld ei høyringsuttale og har ikkje direkte økonomiske eller administrative konsekvensar for Hardangerrådet.

Uttalen er likevel relevant for kommunane i regionen fordi statleg styring, regelverk og finansieringsordningar i stor grad påverkar kommunane sine rammer for tenesteproduksjon og samfunnsutvikling.



Hardanger

Møtedato 27.3.2026

Saksansvarleg Ann Irenen Myrheim

HR-sak 18/26

RF-sak 16/26

Høyring overnattingsavgifta

Vedtak:

Framlegg til vedtak:

Hardangerrådet godkjenner felles forslag til Høyringsuttale "Forskrift om overnattingsavgift" heimla i besøksbidragslova (lov 20. juni 2025 nr. 104). Uttalen vert sendt til Nærings- og fiskeridepartementet

Bakgrunn for saka:

Særutskrift frå rådmannsforum 6.2.2026

RF-sak 07/26 Høyringar

- **Forskrift om overnattingsavgift**

Vedtak: RF ber Hardangerrådet bestille eit felles politisk saksframlegg til vedtaksbehandlingen i kvar kommune.

[Høring av forskrift om overnattingsavgift](#)

Særutskrift: "Nærings- og fiskeridepartementet sender med dette forslag til forskrift om overnattingsavgift til kommunene på høring. Forskriften utfyller lov om besøksbidrag (besøksbidragsloven). Det foreslås fritak fra overnattingsavgiften, regler om når de kommunale forskriftene kan tre i kraft, presiseringer om formidlingsselskapenes plikter og overgangsregler. Høringsfrist: 07.04.2026"

Forskrifta skal gje kommunane heimel til å innføra ei lokal avgift på overnatting som verkemedel for å finansiera fellesgode knytt til reiseliv.

Hardanger er ein region med stor tilstrøyming av tilreisande, særleg i sommarsesongen. Attraksjonar som Trolltunga, Vøringsfossen, Steinsdalsfossen og Hardangerfjorden medfører betydeleg bruk av kommunal infrastruktur og naturbaserte område.

Saka vert lagt fram for politisk handsaming for å fastsetje regionen sitt samla høyringssvar.

Saksvedlegg:

Vedlegg 1: Felles høyringssvar frå Hardangerkommunane til forslag forskrift om overnattingsavgift til kommunene

Aktuelle lover, forskrifter avtale mm:

Besøksbidragslova (2025)

Saksopplysningar:

Nærings- og fiskeridepartementet har sendt på høyring eit forslag til forskrift om overnattingsavgift til kommunane, heimla i besøksbidragslova (2025)

Hovudpunkta er:

- Kommunar med stor belastning frå reiseliv kan innføre ei overnattingsavgift på 3 % av overnattingsprisen (eks. mva)
- Inntektene skal øyremerkast reiselivsrelaterte fellesgode (toalett, stiar, søppel, tilrettelegging, natur- og kulturmiljø m.m.)
Avgifta kan gjelde hotell, hytter, privat utleige, Airbnb m.m.
Det vert nasjonale, avgrensa fritak, m.a.:
 - brakkehotell
 - skuleturar etter opplæringslova
 - mellombels bustad etter sosialtenestelova
 - dugnadsbaserte og ikkje-kommersielle
- Kommunane kan ikkje lage egne lokale fritak.
- Digitale plattformer (Airbnb, Booking m.fl.) får eit avklara ansvar for innkrevjing i visse tilfelle.
- Lova og forskrifta er planlagt å tre i kraft 1. juli 2026, og kommunar kan innføre avgifta frå 2027. For 2027 gjeld ei overgangsordning utan fast frist, slik at kommunane kan innføre avgifta når dei er klare.
- Før innføring må kommunen:
 - lage ein plan for bruk av inntektene
 - involvere næringslivet
 - få planen godkjend av departementet.

Vurderingar:

1. Reelt handlingsrom for finansiering av fellesgode:

Hardanger er tydeleg omtalt i lovas målgruppe: område med stor belastning frå reiseliv.

Ordninga gir eit varig og føreseieleg finansieringsgrunnlag for:

- toalett, avfall, parkering
- stiar, utsiktspunkt, sikring og tilrettelegging
- natur- og kulturmiljøtiltak

Dette treff direkte kjende utfordringar i regionen.

2. Moglegheit for felles regional løysing:

Departementet opnar for at fleire kommunar kan samarbeide om ein felles plan for bruken av midlane.

Dette passar godt for Hardanger som samla reisemål (Ullensvang, Ulvik, Eidfjord, Kvam), og styrker rolla til Hardangerrådet som koordinerande aktør.

3. Politisk krevjande, men fagleg godt grunngjeve:

Avgifta:

- blir betalt av gjestene
- er låg (3 %)
- går ikkje til drift, men til synlege fellesgode

Fagleg er dette i tråd med prinsippa om:

- berekraftig reiseliv
- «besøkande skal bidra til kostnadene dei skapar» (jf. formålet i lova).

4. Viktig timing i 2026–2027

Skal Hardangerkommunane kunna innføra avgift i 2027, må:

- planarbeid startast i 2026
- næringa involverast tidleg
- politiske prosessar koordinerast

Overgangsregelen gjev fleksibilitet, men ikkje gratis tid.

Til
Nærings- og Fiskeridepartementet
mail: postmottak@nfd.dep.no

Vedrørende: Høyringsuttale frå Hardangerrådet om overnattingsavgift til kommunane

Hardangerrådet v/kommunane Eidfjord, Kvam, Ullensvang og Ulvik sender felles høyringssvar.

Hardangerkommunane viser til høyringsnotatet av 23. januar 2026 om forskrift om overnattingsavgift, heimla i besøksbidragslova (lov 20. juni 2025 nr. 104).

1. Overordna syn

Hardangerkommunane støttar formålet med ordninga: at overnattingsgjester i større grad bidreg til finansiering av reiselivsrelaterte fellesgoder i kommunar med særleg belastning, slik departementet skildrar. Vi vurderer ei nasjonalt standardisert ordning (3 % påslag, avgrensa fritak, klare reglar for formidlarar) som viktig for føreseielegheit og etterleving.

2. Fritak (forskrifta § 1)

Vi støttar at det vert få og tydelege fritak, slik departementet grunngjev i høyringsnotatet. Vi kan slutte oss til dei foreslåtte fritaka i § 1, særleg for:

- brakkehotell (avgrensa marknad og enkel avgrensing),
- skoletur etter opplæringslova § 4-6,
- midlertidig botilbod etter sosialtenestelova § 27,
- avgrensa ikkje-kommersiell og dugnadsbasert overnatting.

Vi ber samstundes om at forskrifta/retteleiing gjer avgrensingane mest mogleg praktiserbare, særleg for skjønsmessige vilkår som «ikkje-kommersielle vilkår» og «dugnadsbasert», slik at kommunal kontroll og næringa si etterleving vert realistisk.

3. Formidlaransvar (forskrifta § 2)

Hardangerkommunane støttar forslaget om at formidlar ikkje skal ha ansvar der feil skuldast uriktige opplysningar frå tilbydar, og at formidlar ikkje kan påleggjast generell verifikasjonsplikt. Dette samsvarer med omsynet til gjennomførbarheit for digitale plattformer som departementet peikar på.

Ved fleire formidlarledd støttar vi departementet sitt foreslåtte hovudgrep: at ansvar ligg hos formidlaren som legg til rette for overføring av vederlaget til tilbydar (alternativet departementet skisserer i høyringsnotatet). Det gir ei nærare kopling til tilbydar, og etter vår vurdering betre grunnlag for korrekt praksis.

4. Kunngjering og ikraftsetjing (forskrifta § 3 og § 5)

Vi støttar ei fast nasjonal frist for vedtak og kunngjering innan 31. desember året før ikraftsetjing. Ei slik frist aukar føreseielegheita for næringsaktørar, formidlarar og gjester, slik departementet omtalar.

For overgangsreglane for 2027 støttar vi departementet sitt forslag om ingen særskild frist i 2027 (forslag til § 5). Samstundes understrekar vi at kommunane bør leggja vekt på tidleg varsling og dialog lokalt, slik at aktørane får rimeleg tid til systemtilpassing.

5. Avslutning

Samla sett meiner Hardangerkommunane at forslaget, slik det er skildra i høyringsnotatet 23. januar 2026, legg eit godt grunnlag for ei velfungerande og føreseieleg ordning. Vi ber departementet ta med merknadene over i det vidare forskriftsarbeidet.

Kinsarvik 27.3.2026

Hardangerrådet
Ann Irene Myrheim
Dagleg leiar





Møtedato 27.3.2026

Saksansvarleg Ann Irenen Myrheim

HR-sak 19/26

RF-sak 17/26

Besøksbidrag i Hardanger

Vedtak:

Framlegg til vedtak:

Hardangerrådet, i samarbeid med dei kommunale næringsssjefane, får mandat til å utarbeide ei felles sakshandsaming som del av det kommunale sakstilfanget i kvar kommune ved handsaming av besøksbidrag.

Det skal samstundes utgreiast forslag til både ein kommunal og ein regional del av ordninga.

Bakgrunn for saka:

Stortinget har vedteke Besøksbidragslova av 20. juni 2025, som gjev kommunane heimel til å innføre ei lokal avgift på overnatting.

Nærings- og fiskeridepartementet har sendt forslag til forskrift om overnattingsavgift på høyring. Forskrifta konkretiserar korleis ordninga kan gjennomførast i praksis, og den vil gje kommunane heimel til å innføre ei lokal avgift på overnatting som verkemedel for å finansiera fellesgoder knytt til reiseliv både lokalt og regionalt.

Hardanger er ein region med stor tilstrøyming av tilreisande, særleg i sommarsesongen. Attraksjonar som Trolltunga, Vøringfossen, Steinsdalsfossen og Hardangerfjorden medfører betydeleg bruk av kommunal infrastruktur og naturbaserte områder.

Aktuelle lover, forskrifter avtale mm:

- Besøksbidragslova av 20.6.2025
- [Forslag til forskrift om overnattingsavgift \(på høyring\)](#)
- Kommuneleva

Saksopplysningar:

Ordninga er retta mot kommunar/regionar med høg turistbelastning, og Hardanger fell innfor målgruppa. Lova og forskrifta opnar for interkommunalt samarbeid om plan og forvaltning, noko som gjev grunnlag for ei felles regional løysing.

Ordninga omfattar hotell, hytter og kortidsutleige, t.d. Airbnb.

Pårekna saksgang vedrørende besøksbidrag :

1. Vedteke lov om besøksbidrag - Stortinget 20.juni 2025
2. Forskrift overnattingsbidrag med høyringsfrist 7.april 2026
3. Lokal (evt regional) sakshandsaming/utgreiing i forkant politisk vedtak
4. Politisk vedtak i kommune/herad
5. Utarbeida lokal forskrift (Lovpålagd ved vedtak om innføring)
6. Søknad til departementet (Lovpålagt ved vedtak om innføring)
7. Statleg godkjenning før innføring
8. Regjeringen sitt mål er at lova trer i kraft 1.7.2026, og at kommunane kan innføra besøksbidrag fom 2027.

Vurderingar:

Her må me ta med at ein bør splitta avgifta i ein kommunal og ein regional del. Utgreie bruken av midlane lokalt og regionalt til utvikling av felles regionale produkt og satsingar.

Lokal del kan brukast til:

- offentlege toalett
- tilrettelegging og vedlikehald turstiar,
- søppelhandtering,
- informasjonverksemd
- skilt
- vedlikehald bygningar og anna infrastruktur som har slitasje ved stor pågang

Regional del kan brukast på:

- felles transportløyisingar
- besøksstyring
- digital trafikkdata
- felles stiinfrastruktur.

I fleire Vestlandsdiskusjonar har ein sett på 60–70 % lokal bruk og 30–40 % regional fellesforvaltning

Eit eksempel på korleis ein arbeider med saka er Lofotrådet, som har lyst ut ei 100 % prosjektstilling i to år for å utvikla ein felles regional modell for besøksforvaltning og bruk av besøksbidrag i Lofoten.

Hovudoppgåva i prosjektet deira er å etablera ein struktur og eit system for felles bruk av midlane på tvers av kommunane. Arbeidet omfattar mellom anna:

- utvikla felles organisering av besøksforvaltning i Lofoten
- utarbeida felles forskriftsgrunnlag for besøksbidrag
- laga kriterium og prioriteringar for bruk av inntektene
- koordinera interkommunalt samarbeid mellom kommunane
- sikra politisk og administrativ forankring
- vera sekretariat for reisemålsleiinga i regionen

Reiselivsregionen Lofoten vert invitert til å halda presentasjon for regionråda 10.04.2026

Hardangerkommunane bør samordna seg regionalt for å sikra like vilkår og føreseielege rammer for næringa.

Det skal etablerast ei prosjektgruppe for felles saksutgreiing og førebuing til sak som skal til handsaming i kvar av kommunane/heradstyra.

Prosjektgruppa er føreslått skal bestå av næringssjefar og adm. HR med innspel frå næringa.